



<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
12/314-5	2646/12	A10 &00	OPP/OPP/AAKH	

**OPPTAKSREGLAR, KOMMUNALE BARNEHAGAR. 1.1.2012**  
(Vedteke av Hovudutval for skule og barnehage 1.12.2011 og 26.1.2012)

Familien må vera busett i Klepp for å ha plass i barnehage i kommunen. Barnehagesjefen kan, etter grunngitt søknad, gjera unntak frå denne regelen.

- Dersom familien flytter ut av kommunen, kan barnet etter søknad få behalda plassen ut barnehageåret. Det må dokumenterast at det er søkt barnehageplass i den nye kommunen.
- Dersom barnet blir eit år innan utgangen av august og familien kan syna til flyttdato til Klepp kommune i løpet av hausthalvåret, kan barnet etter søknad bli med i hovudopptaket.

**1. § 13 i Lov om barnehagar:**

*Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne. Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-1 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.*

Dersom desse barna har barnehageplass i eigen skulekrets har dei ikkje prioritet til byte av barnehage. Etter fagleg vurdering av PPT kan det gjerast unntak frå denne regelen.

**2. § 12 a i Lov om barnehager**

*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.*

**2 a**

I forkant av sjølve opptaket skal dette gjerast av den enkelte styrar:

- Endringar i eigen barnehage.
- Søsken som har plass i andre barnehagar, og kjem inn under retten til barnehageplass.

Dersom det ikkje er plass i den enkelte barnehage til å oppfylla dette, blir barna prioritert etter alder.

### **Vidare prioritering av dei barna som har rett til barnehageplass etter § 12 a er slik:**

2 b

Søsken som har rett på barnehageplass blir prioritert til same barnehagen.

2 c

Barn fra den kommunale familiebarnehagen, som det ikkje er plass til på avdeling for barn over 3 år i same barnehage.

2 d

Barn av flyktingar, så lenge foreldra er med i lovpålagd introduksjonsopplegg. Dette må vera dokumentert av flyktingetenesta.

2 e

Ved opptak elles vil dei eldste barna bli prioritert og trekt fyrst. Berre barn som har rett til barnehageplass blir med i trekninga.

### **3. Prioritering for opptak til eventuelle ledige plassar utanom hovudopptaket. Det vil sei for dei utan rett til barnehageplass.**

3 a

Barn av flyktingar har rett til prioritet ved opptak i barnehage, så lenge foreldra er med i lovpålagd introduksjonsopplegg. Dette må vera dokumentert av flyktingetenesta.

3 b

Barn med spesielle behov, vanskar barnet eller familien har som det ikkje er naturleg at § 13 femnar om. Dette må vera dokumentert av faginstans.

3 c

Ved opptak elles i året blir ledige plassar tildelt etter fødselsdato til barnet. Dei eldste barna blir prioritert fyrst. (Dette gjeld barn utan rett til barnehageplass, både tilflyttarar og barn som er for unge)

### **4. Betaling**

4 a Det må betalast for barnehageplassen frå den tida den er tildelt og takka ja til.